



## Referat frå soknerådsmøte

*Innkalla: Lidvar Arne Grimstad (1. vara), Gunmar Grimstad, Bjørg Vartdal Hareide, , Lars Sellereite, Kjersti Røyset Topphol, Hege Tretnes, André Gjerde (2. vara), Barbro Landmark (fungerande kyrkjeverje),*

*Tysdag 14.nov. 2017  
kyrkjekontoret*

*Forfall: Turid Engen, Wenche Iren Roppen, Leidulv Ø. Grimstad (sokneprest)*

---

### **SR 27/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vart sendt ut pr. e-post 10.november.

*Vedtak: Soknerådet godkjenner innkalling og sakliste.*

### **SR 28/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte**

Møteprotokollen vart sendt ut pr. e-post 18. oktober.

*Vedtak: Soknerådet godkjenner møteprotokollen.*

### **SR 29/17 Visjonsarbeid i soknet**

I følge vedlagte §9 skal soknerådet ha fokus på kva som kan gjerast for å vekke og nærme det kristelege livet i soknet.

I starten av denne soknerådsperioda vart det arbeidd ein del med dette visjonsdokumentet. Alle underutvala diskuterte dette og konkretiserte sine punkt.

Vi er no om lag halvvegs i valperioda og det er på tide med ein gjennomgang.

Korleis opplever vi arbeidet i soknet? Er vi undervegs til å nå dei ulike måla vi sette oss i dokumentet?

*Vedtak: Soknerådet utsetter saka til eit felles møte med staben i januar.*

**Barbro Landmark**

Ref.